DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Prop. 22 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet

Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet legg med dette fram forslag om endringar i løyvingar under dei enkelte kapitla i statsbudsjettet for 2026 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Forslag til endringar av løyvingane under dei enkelte kapittel

Kap. 3700 Helse- og omsorgsdepartementet

Post 03 Refusjon av ODA-godkjente utgifter frå Utanriksdepartementet

Helseføretaka sine ekstraordinære utgifter til behandling av medevac-pasientar frå Ukraina kan bli rekna som utviklingshjelp (ODA). Departementet foreslår å redusere løyvinga med 19,795 mill. kroner knytt til medevac-pasientar. Dei regionale helseføretaka har berekna at utgiftene blir om lag 18,3 mill. kroner lågare i 2026 enn det som er budsjettert. I tillegg vart det ved en feil løyva 1,495 mill. kroner mindre til medevac-kostnader i helseføretaka under kap. 732, post 70 enn under kap. 3700, post 03. Samla gir det eit mindrebehov på 19,795 mill. kroner i 2026.

Det kjem færre pasientar som er medisinsk evakuert frå Ukraina for behandling i Norge enn estimert for 2026. Dei ekstraordinære utgifter helseføretaka har til desse medevac-pasientane kan derfor reduserast. Det var i utgangspunktet lagt til grunn at medevac-pasientane i hovudsak ville vere soldatar som var skadde på slagmarka. Over tid har det vist seg at fleire av pasientane som blir evakuerte til Noreg, er sivile med sjukdommar som er krevjande å behandle i eit land i krig, til dømes kreftpasientar. Nokre av desse pasientane treng behandling i meir enn 12 månader. Helseføretaka har blitt kompenserte for desse utgiftene over post 03 Refusjon av ODA-godkjente utgifter, sjølv om grensen for ODA-godkjenning av flyktningutgifter i utgangspunktet er eitt år. Det er vanskeleg for helseføretaka å fordele kostnadene for dei enkelte pasientane innan og etter eit år i dei årlege kostnadsoverslaga, og overslaga er svært usikre. Det er derfor vanskeleg å seie kor stor del av dei estimerte medevac-kostnadene for i år på 196 mill. kroner som kan vise seg ikkje å være ODA-godkjende.

Kap. 701 Digitalisering i helse- og omsorgstjenestene

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 701, post 21 med 10 mill. kroner, kor 8,5 mill. kroner flyttast frå kap. 2755, post 70 og 1,5 mill. kroner frå kap. 2755, post 71, knytt til desse endringane.

Etter takstforhandlingane med Legeforeningen og fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund, er det for avtaleåret 2026–2027 avsett midlar frå båe partar til utvikling av elektronisk pasientjournal (EPJ). Midlane skal nyttas til å utvikle EPJ-system som blant anna gjer det mogleg å hente ut data til styring, lokalt forbetringsarbeid og forsking, og lette kommunikasjonen med andre.

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår at inntil 30 mill. kroner av midlar avsette til EPJ-løftet i 2026 kan nyttast til kompensasjonsordninga for fastlegar i samband med PLL. Dette endrar ikkje dei langsiktige forpliktingane verken innan satsinga på Digital samhandling eller EPJ-løftet, sidan det vil bli tilsvarande lågare kostnader til kompensasjon for fastlegane i 2027, og følgjeleg vil EPJ-løftet opprettholde den samla økonomiske ramma som er avtalt med Legeforeningen.

Det blir på denne bakgrunnen foreslått at fullmakta til å nytte løyvinga under kap. 701, post 21 blir endra i tråd med dette. Endringa har inga budsjettmessig konsekvens for posten.

Kap. 702 Beredskap

Post 72 Kompensasjon til legemiddelgrossister

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 5,7 mill. kroner knytt til oppdatert prognose for kompensasjon til legemiddelgrossistane under forskriftsfesta beredskapslager for legemiddel.

Kap. 703 Internasjonalt samarbeid

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,25 mill. kroner som følgje av lågare utgifter til kontingentinnbetalingar for Noregs deltaking i program og byrå i EU under EØS-avtalen. Reduksjonen kjem av valutakursutviklinga, som inneber at kontingentane blir noko lågare enn det som vart lagt til grunn i budsjettet for 2026.

Kap. 710 Vaksiner mv.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 6,5 mill. kroner knytt til endra prognosar for vaksineinnkjøp og beredskapsavtalar.

Oppdatert prognose for beredskapsavtalane for pandemisk influensa er 8,5 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Endringa kjem i hovudsak av at eksisterande beredskapsavtalar for eggbasert pandemivaksine ikkje blir vidareførte. Det blir arbeid med å sikre nye beredskapsavtalar og nødvendige vaksinevolum, mellom anna med alternative leverandørar og gjennom felles europeiske innkjøpsprosessar.

Samstundes foreslår departementet å auke løyvinga med 2 mill. kroner til vaksinar til vaksne asylsøkjarar og flyktningar. Behaldninga av oppfriskingsvaksine mot difteri, stivkrampe, kikhoste og polio som blir brukt til føremålet, er brukt opp. Auken skal dekke 1 000 dosar i 2026 og nødvendig etterfylling av lageret.

Post 22 Salgs- og beredskapsprodukter m.m., kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 23,6 mill. kroner knytt til endra prognosar for utgifter til sals- og beredskapsprodukt. Posten dekker utgifter til vaksinar for utbrot, beredskap og sal. Produktsortimentet består i hovudsak av vaksinar, men omfattar òg immunglobulin, serum og antitoksin.

Prognoseendringa kjem i hovudsak av auka etterspurnad etter vaksinar mot helveteseld og rabies og eit høgare tal dosar influensavaksine utanom vaksinasjonsprogrammet. Utgiftene til vaksine mot vasskoppar har òg auka som følgje av leveringsutfordringar. Dette blir delvis motsvara av lågare etterspurnad etter fleire andre vaksinar.

Forslaget omfattar òg 2,3 mill. kroner til eit ekstraordinært innkjøp av botulismeantitoksin. Det er avdekt kvalitetssvikt i delar av den eksisterande behaldninga til Folkehelseinstituttet. I tillegg er nokre få hetteglas kasserte som følgje av svikt i kjølelagringa. Den attverande behaldninga vil derfor vere kritisk låg, og det er nødvendig å byggje opp lageret igjen.

Bestillingar utover gitte løyvingar

Helse- og omsorgsdepartementet har fullmakt til å gjere bestillingar under post 22 utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 119 mill. kroner. Frå 1. januar 2027 skal innkjøp, lagerhald og distribusjon av salsvaksinar varetakast av private legemiddelgrossistar. For å redusere risikoen for forsyningssvikt i overgangsperioden er det behov for å bestille eit avgrensa tal vaksinar og immunglobulin i 2026. Bestillingane skal dekke det venta behovet i første kvartal 2027 og er avgrensa til produkt som har betydning for

beredskap og forsyningstryggleik. Levering, fakturering og betaling vil skje i 2027.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke bestillingsfullmakta under kap. 710, post 22 med 27,7 mill. kroner, frå 119 mill. kroner til 146,7 mill. kroner.

Kap. 3710 Vaksiner mv.

Post 03 Vaksinesalg

Departementet foreslår å auke løyvinga med 35 mill. kroner. Auken kjem i hovudsak av auka etterspurnad etter vaksinar mot helveteseld og rabies. Inntektsauken må sjåast i samanheng med dei etterspurnadsbaserte utgiftsendringane under kap. 710, post 22. Utgiftsanslaget under kap. 710, post 22 omfattar òg reduserte utgifter som følgje av lågare etterspurnad etter fleire andre vaksinar.

Kap. 714 Folkehelse

Post 22 Gebyrfinansierte ordningar

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 22 mill. kroner knytt til lågare utgifter til gebyr- og avgiftsfinansierte ordningar på tobakksområdet.

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,4 mill. kroner som følgje av færre søknader enn venta om løyve til innførsel, utførsel eller produksjon av tobakksvarer og utstyr for tobakksproduksjon. Det er venta mellom fem og ti søknader i 2026. Sjå omtale under kap. 3714, post 04.

EUs tobakksdirektiv tok til å gjelde i Noreg 30. mars 2026. Arbeidet med fleire av ordningane knytte til direktivet går framleis føre seg, og dei endelege utgiftene avheng av når ordningane tek til å gjelde. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 3,2 mill. kroner. Sjå omtale under kap. 3714, post 04.

Departementet foreslår vidare å redusere løyvinga med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 5572, post 75, knytt til registreringsordninga for tobakkssal og tiltak mot ulovleg handel. Sjå omtale under kap. 5572, post 75.

Løyvinga blir foreslått redusert med 6,7 mill. kroner knytt til registreringsordninga for e-sigarettar og tobakksprodukt. Mindreforbruket kjem av at arbeidet med registreringsordninga førebels er retta mot tobakksvarer. Det er enno ikkje avklart korleis den endelege ordninga for e-sigarettar skal innrettast. Sjå omtale under kap. 3714, post 04.

Departementet foreslår òg å redusere løyvinga med 3,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 5572, post 74. Det er ikkje venta tilsynsaktivitet knytt til registreringsordninga for e-sigarettar i 2026 fordi ordninga enno ikkje er utvikla, og det endelege lovgrunnlaget ikkje er fastsett.

Post 70 Tilskudd, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner i tråd med prinsippet om realistisk budsjettering. Mindreforbruket kjem av at det er sett av midlar til klagesaksbehandling som det ikkje er venta behov for i 2026.

Kap. 3714 Folkehelse

Post 04 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 15,3 mill. kroner. Av dette er 0,4 mill. kroner knytt til løyveordninga for tobakk, 9,7 mill. kroner til ordningane under EUs tobakksdirektiv og 5,2 mill. kroner til registrering av tobakksprodukt.

EUs tobakksdirektiv tok til å gjelde i Noreg 30. mars 2026, men arbeidet med fleire av ordningane går framleis føre seg. Det er derfor ikkje venta inntekter frå desse ordningane i 2026, medan det framleis vil vere utgifter til arbeidet. Inntektene frå gebyr for registrering av tobakksprodukt er vidare anslått til 6 mill. kroner i 2026, som er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. Sjå omtale under kap. 714, post 22.

Kap. 5572 Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet

Post 74 Tilsynsavgift

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 714, post 22. Det er ikkje venta tilsynsaktivitet eller inntekter frå tilsynsavgifta for e-sigarettar i 2026. Dette kjem av at registreringsordninga enno ikkje er utvikla, og at det endelege lovgrunnlaget ikkje er fastsett. Sjå omtale under kap. 714, post 22.

Post 75 Sektoravgift tobakk

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 714, post 22, knytt til registreringsordninga for tobakkssal og tiltak mot ulovleg handel. Sjå omtale under kap. 714, post 22.

Kap. 732 Regionale helseforetak

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

I saldert budsjett for 2026 vart det løyva 3 mill. kroner til oppfølging og rettleiing av utprøvingane i «Prosjekt x» i Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet, jf. Prop. 1 S (2026–2027), 1,5 mill. kroner av disse blei flytta i Prop. 96 S (2025–2026). Departementet foreslår å flytte dei resterande 1,5 mill. kroner til kap. 732, post 21 frå kap. 732, post 70.

Post 70 Særskilte tilskudd, kan overførast, kan nyttast under postane 72, 73, 74 og 75

Medevac

Noreg deltek i det europeiske samarbeidet for medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina, såkalte medevac-pasientar. Dei regionale helseføretaka skal få dekt kostnadene ved behandling av desse pasientane. Dei regionale helseføretaka har berekna at utgiftene blir om lag 18,3 mill. kroner lågare i 2026 enn det som er budsjettert. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 18,3 mill. kroner knytt til medevac-pasientar. Departementet viser til omtale under kap. 3700, post 03.

Prosjekt X

Departementet foreslår å flytte 1,5 mill. kroner til oppfølging av «Prosjekt X» frå post 70, til post 21, jf. omtale der.

Post 72 Basisbevilgning Helse Sør-Øst RHF

Departementet foreslår å auke løyvinga med 27,3 mill. kroner som følgje av auka pensjonskostnadar i 2026. Sjå omtale under post 86.

Post 73 Basisbevilgning Helse Vest RHF

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,6 mill. kroner som følgje av auka pensjonskostnadar i 2026. Sjå omtale under post 86.

Post 74 Basisbevilgning Helse Midt-Norge RHF

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7,1 mill. kroner som følgje av auka pensjonskostnadar i 2026. Sjå omtale under post 86.

Post 75 Basisbevilgning Helse Nord RHF

Departementet foreslår å auke løyvinga med 6 mill. kroner som følgje av auka pensjonskostnadar i 2026. Sjå omtale under post 86.

Post 76 Innsatsstyrt finansiering, overslagsløyving

Saldert budsjett 2026 la til rette for ein aktivitetsvekst på om lag 1,7 pst. over tidlegare anslått aktivitetsnivå for 2025. Faktisk aktivitet i 2025 vart høgare enn tidlegare anslått, og budsjettet for 2026 gir dermed rom for ein aktivitetsvekst på om lag 1,4 pst. frå faktisk aktivitetsnivå i 2025. Oppdatert prognose for 2026, basert på aktivitetstal per andre tertial 2026, indikerer ein samla aktivitet i 2026 som er om lag 0,8 prosentpoeng høgare enn føresett. Dette svarer til ein auke på 259,3 mill. kroner samanlikna med budsjett etter Stortingets behandling av Prop. 96 S (2025–2026), der løyvinga ble auka med 5 mill. kroner.

Kvalitetssikring av endeleg grunnlag for avrekning for 2025 syner at det er utbetalt 76,3 mill. kroner for mykje i akontoutbetalingar i 2025. Dette blir handtert i samanheng med utbetalingane til dei regionale helseføretaka i desember 2026, og løyvinga for 2026 blir redusert med 76,3 mill. kroner.

Til saman foreslår departementet å auke løyvinga med 183,033 mill. kroner.

Post 77 Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, overslagsløyving

Aktivitetstal per september 2026 gir eit anslag for utbetalingar i 2026 på 4 710 mill. kroner. Anslaget er 159 mill. kroner lågare enn budsjett etter Stortingets behandling av Prop. 96 S (2025–2026), der løyvinga vart satt opp med 253,5 mill. kroner. Departementet foreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga med 159 mill. kroner.

Post 80 Kompensasjon for meverdiavgift, overslagsløyving

Løyvinga dekker kompensasjon for meirverdiavgift til dei regionale helseføretaka som følgje av ordninga med nøytral meirverdiavgift. Departementet foreslår å auke løyvinga med 335 mill. kroner som følgje av høgare anslag for kompensasjon i 2026 enn lagt til grunn i saldert budsjett.

Post 83 Byggelånsrenter, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 23,9 mill. kroner knytt til korrigering av tidlegare berekningar og endra tidspunkt for konvertering av lån, enn lagt til grunn i saldert budsjett. Dei regionale helseføretaka betalar renter på byggjelån fram til prosjekta er ferdige. Då blir byggjelånet tillagt renter og gjort om til eit langsiktig lån.

Post 86 Driftskreditter

Dei regionale helseføretaka har anledning til å ta opp driftskreditt for til ein kvar tid å ha tilstrekkeleg likviditet til å handtere betaling av pensjonspremiar til pensjonsleverandørane. Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for å fordele ramma mellom dei regionale helseføretaka.

Ved behandlinga av Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* vart årets løyving til driftskreditt for dei regionale helseføretaka auka med 369 mill. kroner til 2 687 mill. kroner. Dette gav ei samla driftskredittramme på 18 073 mill. kroner ved utgangen av 2026. Oppdatert informasjon frå pensjonsleverandørane gir eit nytt samla tal på pensjonspremie for 2026 på 31 650 mill. kroner. Det er 350 mill. kroner lågare enn vedtatt ved behandlinga av Prop. 96 S (2025–2026). Samstundes har berekna pensjonskostnadar auka med 50 mill. kroner samanlikna med nivået lagt til grunn i Prop. 96 S. Det er foreslått å løyve midlar svarande til dekning av dette over kap. 732 post 72–75. I sum gir dette eit redusert driftskredittbehov på 400 mill. kroner. Departementet foreslår at det reduserte likviditetsbehovet som følgje av dette blir behandla gjennom å redusere ramma for driftskreditt med 400 mill. kroner samanlikna med det som blei lagt til grunn i Prop. 96 S (2025–2026). Den samla driftskredittramma ved utgangen av 2026 vil dermed være 17 673 mill. kroner.

Tabell 2.1 Oppsummerande oversikt over pensjonsstorleikar lagd til grunn i RNB og forslag til nysaldering 2026. Mill. kroner.

	Saldert budsjett	Prop. 96 S (2025–2026) RNB 2026	Nysaldering 2026	Endring i nysaldering i.h.t. saldert budsjett	Endring i nysaldering i.h.t. RNB 2026
Driftskredittramme ved starten av året	25 321	15 386	15 386		
Basisramme – berekna pensjonskostnad	22 000	13 400	13 450	-8 550	50
Økt basisramme grunna feil berekningsgrunnlag 2025		465	465	465	
Basisramme – amortisere ½-del av driftskredittramma ved starten av året		7 461	7 461	7 461	
Berekna pensjonspremie 2026	26 600	32 000	31 650	5 050	-350
Uttak frå premiefond til betaling av pensjonspremie	2 000	7 000	7 000	5 000	–
Arbeidsgivareffekt ved bruk av premiefond	282	987	987	705	–
Årleg behov for driftskreditt	2 318	2 687	2 287	-31	-400
Berekna driftskredittramme ved slutten av året	27 639	18 073	17 673		

Departementet foreslår på den bakgrunn å sette ned løyvinga på posten med 400 mill. kroner, frå 2 687 mill. kroner til 2 287 mill. kroner.

I Prop. 96 S (2025–2026) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2026* vart det varsla ein ny modell for rekneskapsføring av pen-

sjonsforhold i helseføretak og regionale helseføretak frå og med rekneskapsåret 2026. Det vart samtidig lagt til grunn at driftskreditten til dei regionale helseføretaka ved inngangen til 2026 skulle kompenserast løyvingsmessig over to år, slik at driftskreditten som har bygd seg opp fordi pensjonspremien over tid har vore høgare enn inntekta som er løyvd til å dekkje pensjonskostnaden, vart nullstilt ved overgang til nytt regelverk. Det vart løyvd om lag 7,5 mrd. kroner over kap. 732, postane 72–75, og det er føreslått ei tilsvarande løyving over kap. 732, post 70 i Prop. 1 S (2026–2027). Løyvingane skal i sin heilskap gå til nedbetaling av driftskredittgjeld.

For å unngå at løyvinga skulle gi kunstig høge rekneskapsmessige overskot i dei regionale helseføretaka i 2026 og 2027, vart det lagt til grunn at driftskredittgjelda skulle kostnadsførast over dei same to åra. Driftskreditt er imidlertid gjeld og ikkje eit pensjonsforhold, og det er tvil om helseføretakslova § 43, som gir heimel til å fråvike rekneskapslova for pensjonsforhold, kan nyttast. Det blir difor lagt til grunn at løyvinga til nedbetaling av driftskreditten blir ført direkte mot eigenkapitalen i dei regionale helseføretaka, og at driftskreditten blir redusert utan resultatføring. Den endra rekneskapsmessige handteringa samanlikna med Prop. 96 S (2025–2026) påverkar verken storleiken på løyvinga eller årsresultatet til dei regionale helseføretaka. Eigenkapitalen aukar tilsvarande løyvinga. Forskrift om rekneskapsføring av pensjonsforhold i helseføretak og regionale helseføretak vil bli fastsett før rekneskapsavslutninga for 2026.

Kap. 3732 Regionale helseforetak

Post 80 Renter på investeringslån

Departementet foreslår å auke løyvinga med 54,4 mill. kroner knytt til endra tidspunkt for konvertering av lån og korrigering av tidlegare berekning. Dei regionale helseføretaka betalar renter på investeringslån som er gjort om til langsiktige lån.

Post 85 Avdrag på investeringslån f.o.m. 2008

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 145,2 mill. kroner knytt til endringar ifrå forutsetningane som har vært lagt til grunn.

Post 87 Avdrag på tilskot til Helseplattformen

Ved Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2018–2019) vart det oppretta eit tilskot til kommunar og fastlegar for kostnader knytt til innføring av Helseplattforma. Målsetjinga med tilskotet var at Helse Midt-Noreg RHF og kommunane som går inn i prosjektet, vart avlasta risiko knytt til manglande deltaking. Tilskotet utgjorde 601 mill. 2019-kroner i Prop. 117 S (2019–2020) på kap. 732, post 70. Siste del av tilskotet vart utbetalt i 2023. Tilskotet skal betalast tilbake med renter etter kvart som kommunar og fastlegar tar i bruk løysinga. Helse Midt-Noreg RHF administrerer tilskotet og tilbakebetalinga. Det er ingen nye kommunar eller fastlegar som har tatt i bruk, eller kjem til å ta i bruk, løysinga i 2026. Departementet foreslår dermed å redusere løyvinga med 3 mill. kroner samanlikna med det som vart lagt til grunn i saldert budsjett, slik at løyvinga blir sett til null kroner.

Det er ikkje venta at fleire kommunar eller fastlegar vil knyte seg til løysinga. Departementet legg på denne bakgrunnen til grunn at det ikkje vil skje ytterlegare tilbakebetaling av tilskotet. Dersom fleire kommunar eller fastlegar likevel skulle ønskje å ta i bruk løysinga, vil departementet kome tilbake til spørsmålet om kostnadsdeling.

Kap. 737 Historiske pensjonskostnader

Post 70 Tilskudd, overslagsløyving

Departementet foreslår å sette ned løyvinga med 20 mill. kroner knytt til lågare utbetaling av tilskot enn lagt til grunn i saldert budsjett. Løyvinga dekker tilskot til ideelle og andre verksemder sine historiske pensjonskostnader knytt til offentleg tenestepensjonsordning.

Kap. 3740 Helsedirektoratet

Post 05 Helsetjenester til utenlandsboende mv.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Inntektene for 2026 blir talfesta til 130 mill. kroner. Dette er 30 mill. kroner lågare enn anslått til revidert nasjonalbudsjett 2026. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Kap. 741 Norsk pasientskadeerstatning

Post 71 Særskilte tilskudd

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner knytte til forvente mindreforbruk. Tilskotsposten dekker erstatningsutbetalinger

der staten har eit særleg ansvar, som for vaksineskadar, og det er derfor betydeleg usikkerheit knytte til postens utgifter. For 2026 har det vært mindre aktivitet på posten.

Kap. 742 Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner knytt til utvikling av nytt saksbehandlingssystem. Utgiftene er knytte til forseinking ved leveranse frå ekstern leverandør som gir økte interne kostnadar.

Kap. 745 Folkehelseinstituttet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å flytte 48,8 mill. kroner til kap. 745, post 21 knytt til eksternfinansiert virksomheit i Folkehelseinstituttet etter innlemmelse av Kreftregisteret og Norsk pasientregister (NPR) i Folkehelseinstituttet i 2024.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å flytte 48,8 mill. kroner frå kap. 745, post 01, sjå omtale der.

Kap. 3746 Direktoratet for medisinske produkter

Post 04 Registreringsgebyr

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 16,1 mill. kroner som følgje av lågare gebyrinntekter enn venta. Dette har samanheng med industriens bruk av endringssøknadar og færre enkeltsøknader enn venta.

Kap. 747 Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold

Departementet foreslår å auke løyvinga med 30 mill. kroner knytt til anskaffing av utstyr for måling av radioaktivitet i næringsmidler.

Bestillingsfullmakt

Det vert foreslått at Helse- og omsorgsdepartementet gis fullmakt til å foreta bestillinger under post 45 utover gitte løyvinger, men slik at samla ramme for nye bestillinger og gamalt ansvar ikkje overstig 30 mill. kroner.

Kap. 760 Kommunale helse- og omsorgstjenester

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under postene 70 og 71

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 8,4 mill. kroner som følgje av mindreutgift til ei rekke tiltak innanfor løyvinga på posten. Fleire utval har hatt lågare kostnader enn antatt, til dømes på grunn av utsettingar. Det er eit mindreforbruk på løyvingar til utval på 6 mill. kroner. Helsedirektoratet har noko lågare aktivitet enn planlagt for å følge opp bu trygt heime-reforma grunna manglande kapasitet. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner. Løyvinga til forskingsoppdrag knytt til Kompetanseløftet 2025 har eit mindreforbruk på 0,9 mill. kroner. Andre, mindre avvik på posten knytt til ein rekke tiltak gjer at departementet foreslår å redusere løyvinga til dei med 0,5 mill. kroner.

Post 60 Kompetanse, rekruttering og innovasjon

Det er løyva midlar til utprøvinga av kommunal nettlege på posten. Departementet foreslår å sette ned løyvinga med til saman 22 mill. kroner:

- 2 mill. kroner mot at løyvinga på kap. 2752, post 72 blir auka med 0,5 mill. kroner og løyvinga på 2755, post 70 med 1,5 mill. kroner. Det blir gjeve tilskot til deltakande kommunar over kap. 760, post 60. Utgifter til nettlegen blir òg finansierte gjennom honorar – refusjonar frå folketrygda (kap. 2755, post 70) og eigenandelar frå pasientane. Nokre av eigenandelane blir refunderte av eigenandelstakordninga (kap. 2752, post 72). Tilskotet til kommunane skal reduserast tilsvarande honorarinntektene. Basert på rekneskapstal per 31.8 er det utarbeidd ein prognose for refusjonsutgifter til legane og refunderte eigenandelar ved eigenbetaling hos kommunal nettlege.
- 20 mill. kroner som følgje av forventa ubrukt løyving til tiltaket i 2026.

Post 64 Kompensasjon for renter og avdrag

Departementet foreslår å sette ned løyvinga med 6 mill. kroner knytt til oppdaterte prognosar frå Husbanken.

Post 71 Kompetanse-, forsknings- og rekrutteringstiltak, kan nyttast under post 21

Departementet foreslår å sette ned løyvinga med 2,2 mill. kroner knytt til tilskott til Samiske helseteam. Det er eit mindreforbruk på ordninga som følgje av at tilskott i 2026 er avkorta mot overføring av mindreforbruk frå 2025

Kap. 765 Psyisk helse, rus og vold

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 72

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner knytt til oppfølging av takstforhandlingane med fysioterapeutorganisasjonane. I årets forhandlingar blei det avtalt at ei inntekts- og kostnadsundersøking (IKU) vert finansiert frå organisasjonane si side ved å setje av 1 mill. kroner frå årets ramme til dette. For å sikre moglegheit til overføring av ubrukt løyving til 2027, foreslås det at midlane blir plasserte på denne posten. I forhandlingane i 2027 skal løyvinga tilførast takstane til fysioterapeutane (2755.71) slik at avtalt ramme blir behalden.

Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga med til saman 9,3 mill. kroner knytt til ulike tiltak på posten. Manglande tilgang på fagkompetanse gjer at Helsedirektoratet har brukt 5 mill. kroner mindre til kompetanseheving innan eteforstyrringar enn forventa. Det er også eit mindreforbruk på 1 mill. kroner i løyvinga til rask psykisk helsehjelp. I tillegg er det fleire, mindre tiltak som utval som også har små mindreforbruk.

Samlet blir det foreslått å redusere løyvinga med 8,3 mill. kroner.

Kap. 780 Forsking

Post 70 Norges forskingsråd, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 66,7 mill. kroner som følge av oppdaterte anslag for kontante utbetalingar i 2026.

Nedjusteringa skyldast ei forskyving av utbetalingar frå Forskingsrådet til mottakarane til seinare budsjettår, basert på faktureringstakta til mottakarane. Det er fleire årsaker til nedjusteringa, men ei hovudårsak er at Forskingsrådet har innført etterskotsvis fakturering basert på påkomne kostnadar framfor forskotsutbetaling basert på budsjetta til prosjekta. Effekten av dette var ikkje godt nok teke omsyn til i dei opphavelege utbetalingsprognosane for 2026. Forskingsrådet har ingen indikasjonar på at det nedjusterte løyvingsbehovet i 2026 kjem av lågare forskingsaktivitet.

Ettersom nedjusteringa i løyvinga kjem av forskyvingar av utbetalingar, foreslår departementet samtidig å auke tilsegnsfullmakta på posten tilsvarande nedjusteringa av løyvinga, slik at Forskingsrådet kan dekke utbetalingane i seinare budsjettår, jf. forslag til vedtak III.

Kap. 2711 Spesialisthelsetjeneste mv.

Post 70 Spesialisthjelp

Takstforhandlingane med legane blei ikkje avslutta i tide til å bli behandla i Prop. 101 S (2025–2026). Oppgjeret i takstforhandlingane inneber 63,5 mill. kroner i auka utgifter i 2026. Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir anslått til 3 320 mill. kroner. Dette er 70 mill. kroner høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår å auke løyvinga med 70 mill. kroner.

Post 71 Psykologhjelp

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir anslått til 449 mill. kroner. Dette er 2,6 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Post 72 Tannbehandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir anslått til 3 460 mill. kroner. Dette er 60 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 60 mill. kroner.

Post 76 Private laboratorier og røntgeninstitutt

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 1 232 mill. kroner. Dette er 158 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 158 mill. kroner.

Kap. 2751 Legemidler mv.

Post 70 Legemidler

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 14 720 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 330 mill. kroner.

Post 71 Legeerklæringer

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 32 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 6 mill. kroner.

Post 72 Medisinsk forbruksmateriell

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 2 509 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 121 mill. kroner.

Kap. 2752 Refusjon av eigenbetaling

Post 72 Egenandelstak

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 9 130 mill. kroner. Dette er 520 mill. kroner høgare enn anslått til revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Det foreslås å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner knytt til kommunal nettlege, mot at løyvinga på kap. 760, post 60 settast ned tilsvarande, jf. nærmare omtale der.

Departementet foreslår å auke løyvinga med til saman 520,5 mill. kroner.

Kap. 2755 Helsetenester i kommunane mv.

Takstforhandlingane

Takstforhandlingane med legane og fysioterapeutane blei ikkje avslutta i tide til å bli behandla i Prop. 101 S (2025–2026) *Endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)*. Stortinget gav i staden fullmakt til «å gjere endringar i løyvingane til dei regionale helseføretaka, kommunane og trygderefusjonane for legehjelp og fysioterapi frå 1. juli 2026. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening og Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.» Endringane som følgje av taksoppgjeret for desse kapitla blir derfor fremja her.

Post 62 Fastlønsordning fysioterapeutar, kan nyttast under post 71

Fastlønstilskotet er auka med 4,6 pst. for 2026 som er i samsvar med resultatet av takstforhandlingane med fysioterapeutane. Dette er anslått til å auke utgifter til refusjonar over folketrygda med 12,9 mill. kroner.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 totalt sett blir talfesta til 675 mill. kroner. Dette er 60 mill. kroner høgare enn anslått til revidert nasjonalbudsjett 2026. Departementet foreslår å auke løyvinga med 60 mill. kroner.

Post 70 Allmennlegehjelp

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 7 390 mill. kroner. Dette er 480 mill. kroner lågare enn anslått til revidert nasjonalbudsjett 2026.

Det vart i takstforhandlingane avtalt at honorarinntekta til fastlegane skulle aukast 0,8 prosent frå 1.7.2026. For øvrig blei datotillegget for fastlegane lagt på basistilskotet. Basistilskotets del av fastlegane sine inntekter frå kontorpraksis auka med 2,24 prosentpoeng. Legevaktas honorarinntekter totalt sett blei auka med 2,94 prosent. Samla er dette anslått å auke netto utgifter til refusjonar over folketrygda med 45,5 mill. kroner i 2026 grunna takstforhandlingane. Dette inkluderer i tråd med avtalen auka avsetning til fond. Denne auken er medrekna i tala i fyrste avsnitt.

I takstforhandlingane blei det etablert ei sjukefråværspakke der det skal flyttast 14 mill. kroner frå Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjett til denne posten.

Løyvinga er foreslått auka med 1,5 mill. kroner knytt til kommunal nettlege, mot at løyvinga på kap. 760, post 60 satt ned tilsvarande, jf. nærmare omtale der.

Departementet foreslår at 8,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for legar, sjå omtale der.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 473 mill. kroner.

Post 71 Fysioterapi, kan nyttast under post 62

Det vart i takstforhandlingane avtalt at honorarinntekta til fysioterapeutane skulle aukast 3,72 prosent frå 1. juli 2026. Dette er anslått å auke utgifter til refusjonar over folketrygda med 101,7 mill. kroner i 2026. Dette inkluderer i tråd med avtalen auka avsetning til fond.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene totalt sett for 2026 blir talfesta til 1 975 mill. kroner. Dette er 75 mill. kroner høgare enn anslått til revidert nasjonalbudsjett.

Departementet foreslår at 1,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for fysioterapeutar, sjå omtale der.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 73,5 mill. kroner.

Post 72 Jordmorhjelp

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Takstane er auka med 3,72 pst. frå 1. juli 2026 som er det same som resultatet av takstforhandlingane med fysioterapeutane. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 110 mill. kroner, som er det same som tidlegare grunnlag.

Post 73 Kiropraktorbehandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 7 mill. kroner, som er 2,5 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga på posten med 2,5 mill. kroner.

Post 75 Logopedisk og ortoptisk behandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Takstane er auka med 3,72 pst. frå 1. juli 2026 som er det same som resultatet av takstforhandlingane med fysioterapeutane. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 436 mill. kroner, som er 7 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga på posten med 7 mill. kroner.

Kap. 2756 Andre helsetjenester

Post 70 Helsetjenester i annet EØS-land

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 7,5 mill. kroner, som er 1,5 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

Post 71 Helsetjenester i utlandet mv.

Departementet foreslår å føye stikkordet «overslagsløyving» til posten. Posten er rettsstyrt og utgiftene følgjer av gjeldande regelverk. Budsjettoverslaga blir utarbeidde av Berekningsgruppa for folketrygda på grunnlag av mellom anna venta utbetalingar, rekneskapstal, gjeldande regelverk m.m.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 415 mill. kroner, som er 405 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga på posten med 405 mill. kroner

Post 72 Helsetjenester til utenlandsboende mv.

Departementet foreslår å føye stikkordet «overslagsløyving» til posten. Posten er rettsstyrt og utgiftene følgjer av gjeldande regelverk. Budsjettoverslaga blir utarbeidde av Berekningsgruppa for folketrygda på grunnlag av mellom anna venta utbetalingar, rekneskapstal, gjeldande regelverk m.m.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 504 mill. kroner, som er 16 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga på posten med 16 mill. kroner.

Kap. 2790 Andre helsetiltak

Post 70 Bidrag

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2026. Utgiftene for 2026 blir talfesta til 262 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Helse- og omsorgsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet

I

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
701		Digitalisering i helse- og omsorgstjenesten:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 70*, blir auka med	10 000 000
		frå kr 184 978 000 til kr 194 978 000	
702		Beredskap:	
	72	Kompensasjon til legemiddelgrossister, blir redusert med	5 700 000
		frå kr 86 677 000 til kr 80 977 000	
703		Internasjonalt samarbeid:	
	71	Internasjonale organisasjoner, blir redusert med	4 255 000
		frå kr 197 917 000 til kr 193 662 000	
710		Vaksiner mv.:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	6 500 000
		frå kr 298 113 000 til kr 291 613 000	
	22	Salgs- og beredskapsprodukter m.m., *kan overførast*, blir auka med	23 600 000
		frå kr 196 283 000 til kr 219 883 000	
714		Folkehelse:	
	22	Gebyrfinansierte ordninger, blir redusert med	22 042 000
		frå kr 47 172 000 til kr 25 130 000	
	70	Rusmiddeltiltak mv., *kan overførast*, blir redusert med	750 000
		frå kr 205 510 000 til kr 204 760 000	
732		Regionale helseforetak:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir auka med	1 500 000
		frå kr 22 306 000 til kr 23 806 000	
	70	Særskilte tilskudd, *kan overførast, kan nyttast under postene 72, 73, 74 og 75*, blir redusert med	19 800 000
		frå kr 2 156 459 000 til kr 2 136 659 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Basisbevilgning Helse Sør-Øst RHF, blir auka med	27 300 000
		frå kr 94 288 247 000 til kr 94 315 547 000	
	73	Basisbevilgning Helse Vest RHF, blir auka med	9 600 000
		frå kr 33 319 714 000 til kr 33 329 314 000	
	74	Basisbevilgning Helse Midt-Norge RHF, blir auka med	7 100 000
		frå kr 24 651 913 000 til kr 24 659 013 000	
	75	Basisbevilgning Helse Nord RHF, blir auka med	6 000 000
		frå kr 20 857 006 000 til kr 20 863 006 000	
	76	Innsatsstyrt finansiering, *overslagsløyving*, blir auka med	183 033 000
		frå kr 33 610 140 000 til kr 33 793 173 000	
	77	Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, *overslagsløyving*, blir redusert med	159 000 000
		frå kr 4 869 095 000 til kr 4 710 095 000	
	80	Kompensasjon for merverdiavgift, *overslagsløyving*, blir auka med	335 000 000
		frå kr 11 255 115 000 til kr 11 590 115 000	
	83	Byggelånsrenter, *overslagsløyving*, blir redusert med	23 900 000
		frå kr 651 000 000 til kr 627 100 000	
	86	Driftskreditter, blir redusert med	400 000 000
		frå kr 2 687 000 000 til kr 2 287 000 000	
737		Historiske pensjonskostnader:	
	70	Tilskudd, *overslagsløyving*, blir redusert med	20 000 000
		frå kr 81 844 000 til kr 61 844 000	
741		Norsk pasientskadeerstatning:	
	71	Særskilte tilskudd, blir redusert med	10 000 000
		frå kr 37 202 000 til kr 27 202 000	
742		Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten:	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir auka med	2 000 000
		frå kr 16 932 000 til kr 18 932 000	
745		Folkehelseinstituttet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	48 800 000
		frå kr 1 638 633 000 til kr 1 589 833 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*, blir auka med	48 800 000
		frå kr 202 399 000 til kr 251 199 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
747		Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet:	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold*, kan overførast*, blir auka med	30 000 000
		frå kr 5 787 000 til kr 35 787 000	
760		Kommunale helse- og omsorgstjenester:	
	21	Spesielle driftsutgifter*, kan nyttast under postene 70 og 71*, blir redusert med	8 400 000
		frå kr 436 238 000 til kr 427 838 000	
	60	Kompetanse, rekruttering og innovasjon, blir redusert med	22 000 000
		frå kr 1 334 723 000 til kr 1 312 723 000	
	64	Kompensasjon for renter og avdrag, blir redusert med	6 000 000
		frå kr 897 000 000 til kr 891 000 000	
	71	Kompetanse-, forsknings- og rekrutteringstiltak*, kan nyttast under post 21*, blir redusert med	2 200 000
		frå kr 316 221 000 til kr 314 021 000	
765		Psykisk helse, rus og vold:	
	21	Spesielle driftsutgifter*, kan overførast, kan nyttast under post 72*, blir redusert med	8 300 000
		frå kr 195 923 000 til kr 187 623 000	
780		Forskning:	
	70	Norges forskningsråd*, kan overførast*, blir redusert med	66 700 000
		frå kr 375 322 000 til kr 308 622 000	
2711		Spesialisthelsetjeneste mv.:	
	70	Spesialisthjelp, blir auka med	70 000 000
		frå kr 3 250 000 000 til kr 3 320 000 000	
	71	Psykologhjelp, blir redusert med	2 600 000
		frå kr 451 600 000 til kr 449 000 000	
	72	Tannbehandling, blir redusert med	60 000 000
		frå kr 3 520 000 000 til kr 3 460 000 000	
	76	Private laboratorier og røntgeninstitutt, blir redusert med	158 000 000
		frå kr 1 390 000 000 til kr 1 232 000 000	
2751		Legemidler mv.:	
	70	Legemidler, blir redusert med	330 000 000
		frå kr 15 050 000 000 til kr 14 720 000 000	
	71	Legeerklæringer, blir auka med	6 000 000
		frå kr 26 000 000 til kr 32 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Medisinsk forbruksmateriell, blir redusert med	121 000 000
		frå kr 2 630 000 000 til kr 2 509 000 000	
2752		Refusjon av egenbetaling:	
	72	Egenandelstak, blir auka med	520 500 000
		frå kr 8 610 000 000 til kr 9 130 500 000	
2755		Helsetjenester i kommunene mv.:	
	62	Fastlønnsordning fysioterapeuter*, kan nyttast under post 71*, blir auka med	60 000 000
		frå kr 615 000 000 til kr 675 000 000	
	70	Allmennlegehjelp, blir redusert med	473 000 000
		frå kr 7 870 000 000 til kr 7 397 000 000	
	71	Fysioterapi*, kan nyttast under post 62*, blir auka med	73 500 000
		frå kr 1 900 000 000 til kr 1 973 500 000	
	73	Kiropraktorbehandling, blir redusert med	2 500 000
		frå kr 9 500 000 til kr 7 000 000	
	75	Logopedisk og ortoptisk behandling, blir redusert med	7 000 000
		frå kr 443 000 000 til kr 436 000 000	
2756		Andre helsetjenester:	
	70	Helsetjenester i annet EØS-land, blir redusert med	1 500 000
		frå kr 9 000 000 til kr 7 500 000	
	71	Helsetjenester i utlandet mv.*, overslagsløyving*, blir redusert med	405 000 000
		frå kr 820 000 000 til kr 415 000 000	
	72	Helsetjenester til utenlandsboende mv.*, overslagsløyving*, blir redusert med	16 000 000
		frå kr 520 000 000 til kr 504 000 000	
2790		Andre helsetiltak:	
	70	Bidrag, blir auka med	2 000 000
		frå kr 260 000 000 til kr 262 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3700		Helse- og omsorgsdepartementet:	
	03	Refusjon av ODA-godkjente utgifter fra Utenriksdepartementet, blir redusert med	19 795 000
		frå kr 215 695 000 til kr 195 900 000	
3710		Vaksiner mv.:	
	03	Vaksinesalg, blir auka med	35 000 000
		frå kr 298 972 000 til kr 333 972 000	
3714		Folkehelse:	
	04	Gebyrinntekter, blir redusert med	15 349 000
		frå kr 24 450 000 til kr 9 101 000	
3732		Regionale helseforetak:	
	80	Renter på investeringslån, blir auka med	54 400 000
		frå kr 2 110 000 000 til kr 2 164 400 000	
	85	Avdrag på investeringslån f.o.m. 2008, blir redusert med	145 200 000
		frå kr 1 992 000 000 til kr 1 846 800 000	
	87	Avdrag tilskudd Helseplattformen, blir redusert med	3 000 000
		frå kr 3 000 000 til kr 0	
3740		Helsedirektoratet:	
	05	Helsetjenester til utenlandsboende mv., blir redusert med	30 000 000
		frå kr 160 000 000 til kr 130 000 000	
3746		Direktoratet for medisinske produkter:	
	04	Registreringsgebyr, blir redusert med	16 145 000
		frå kr 86 145 000 til kr 70 000 000	
5572		Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet:	
	74	Tilsynsavgift, blir redusert med	3 770 000
		frå kr 3 770 000 til kr 0	
	75	Sektoravgift tobakk, blir redusert med	7 952 000
		frå kr 18 952 000 til kr 11 000 000	

II

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Helse- og omsorgsdepartementet i 2026 kan gjere bestillingar utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Betegnelse	Samlet ramme
710		Vaksiner mv.	
	22	Salgs- og beredskapsprodukter m.m.	146,7 mill. kroner
747		Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	30 mill. kroner

III

Tilsagnsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Helse- og omsorgsdepartementet i 2026 kan gi tilsagn om tilskudd utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsagn og gamalt ansvar ikkje overstiger følgjande beløp:

Kap	Post	Betegnelse	Samlet ramme
780		Forskning	
	70	Norges forskningsråd mv.	1 213,11 mill. kroner

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon